

ÅRDAL I JØLSTER.

LANDSKAP

Tilkomstsona

Bilveg (ca 3 km) langs vassdraget går gjennom denne slake langstrakte dalen der Dalevatnet er eit sentralt element i nedre delen. Vidare innover er elva godt synleg i landskapet med veksling mellom opne myrdrag, kulturmark, beitelandskap, gran og lauvskog. Delar av området er prega av aktivt skogbruk med relativt store innslag av eldre granskog. Hyttene oppetter dalen ligg nær vegen og er godt synlege, men dei dominerer ikkje landskapet.

Stølssona

Legestøylen ligg i nedre delen av dette landskapsrommet skilt frå tilkomstsona med ein liten stigning i terrenget og belte av granskog. Vegen går heilt fram til støylen. Stølssona er igjen oppdelt i to delvis avgrensa mindre landskapsrom som ligg som platå og botnar opp mot fjellsona der Stegsvatnet er sentralt landskapselement mellom bratte fjellsider. Elva er godt synleg i nedste del av stølssona, men ligg visuelt skjerma i øvste delen frå sentrale delar av dalen i eit trangt gjel mellom den bratte fjellsida i vest og Såtehaugen.


Fossen herifrå er godt synleg frå store delar av dalen nedanfor Såtehaugen. Frå Legestøylen er området prega av beitemark med lite overordna vegetasjon.



Bilde 1: Inste del av Årdal sett frå Såtehaugen. Legestøylen ligg i framkant av granskogen midt på bilde.



Bilde 2: Legestøylen.



Bilde 3: På vestsida av Såtehaugen kjem elva frå Stegsvatnet ned som ein foss.



Bilde 4: Botnen mellom Såtehaugen og stigninga opp til Stegsvatnet.



Bilde 5: Stegsvatnet, inngangen til fjellsona. Stien innover mot Kupa og Langevasshytta går på høyre sida av vatnet. Tidleg på sommaren ligg her såpass mykje snø at det kan vere vanskeleg å gå langs vatnet.

NÆRINGSINTERESSER OG ANDRE BRUKARINTERESSER

Landbruk

Det er ikkje stølsdrift på støylen. Skogbruk, kulturmark og hamnebeite i nedre delen og utmarksbeite i øvste delen.

Friluftsliv

Årdalen er hovudinnfallsporten til fjellområdet frå Jølster. Det går merka turløype frå parkeringsområdet nedanfor Legestøylen via Langevasshytta til Vonaområdet, Gjengedalen, Traudalen og Langedalen. Traseen til Vonaområdet er også mykje brukt vinterstid.

INNSPEL FRÅ GRUNNEIGARANE/ANDRE

Vernegrensa bør trekkast utanom stølsdalen (ved Stegsvatnet). Planar om noko tilrettelegging for “traktorslepe” langs elva og opp på vestsida av Såtehaugen fram til Stegsvatnet.

Sommartilkomsten inn i fjellsona langs Stegsvatnet ligg utsett til i rasfarleg område. Her trengst meir sikringsarbeid for å gjere traseen trygg.

MERKNADER

Dersom det vert lagt til grunn at heile stølsdalen skal haldast utanfor LVO kan det vere naturleg å trekke grensa der stølsdalen og fjellsona møtast, dvs tvers over dalen ved Såtehaugen, fossekanten i vest og eit markert gjel opp fjellsida i aust. Eit alternativ kan vere at grensa vert trekt nedanfor det øvste dalrommet i stølsdalen slik at fossen og Såtehaugen inngår i verneområdet. Sjølv om stølsdalen vert liggjande utanfor verneområdet er det viktig at denne sentrale innfallsporten til fjellområdet med både tilkomstsona og stølssona vert underlagt medviten styring av arealbruken etter pbl (Jfr. framlegg til retningslinjer). Mellom anna framstår parkeringsplassen og sjølve stølsområdet med vegen heilt inn som noko uryddig.